

Opus Bergen AS  
Strandgaten 59  
5004 Bergen  
Dykkar ref: P15061

MOTTATT  
28 FEB. 2017

**Saknr.:** 17-008      **Kommune:** Meland      **gbr.** 22/85 m.fl.      **Gardsnamn:** Del av Mjåtveitmarka

## Varsel om oppstart av privat planarbeid

### Dokumentliste:


Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2016/106307	Inn	17.02.2017	Opus Bergen AS	Oppstart privat planarbeid	HOK

NGIR mottatt varsel om oppstart av privat planarbeid, og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Meland kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysering må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysering. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 23. februar 2017



Henrik O. Kjøpstad  
-kunderådgjevar -